

## Møtereferat

Dato: 11.05.2016

Emne:	<b>Referat frå RMNF-AU - 09.05.2016</b>		
Til stades:	Kjell Gitton Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar		
Forfall:			Sak: 2014/558-195
Møtetid:	08:30-10:30	Møtestad: Fylkesutvalssalen, fylkeshuset	

**Møteleiar: Kjell Gitton Håland**  
**Referent: Ingeborg Borgen Takle**

### 13/16 Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029

Grunnlagsdokumentet til NTP er sendt på høyring med frist 1. juli 2016. Fylkestinget skal handsame sin uttale 14.-15. juni 2016. Innspela til høyringa må sendast til samferdselsavdelinga innan 13. mai. Link til meir informasjon om NTP er her: <http://www.ntp.dep.no/>. Rådet sine medlemmer har fått tilsendt høyringsbrevet og vore oppmoda om å sende innspel til arbeidsutvalet. Det er det ingen som har gjort.

#### Vedtak

Uttale til Nasjonal transportplan (NTP) 2018-2029 vert lagt fram som referatsak til neste rådsmøte. Arbeidsutvalet vedtek å sende ein slik generell uttale til NTP:  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har fått grunnlagsdokument til Nasjonal Transportplan 2018-2029 til høyring. I den vidare handsaming av saka ber rådet om at ein tek omsyn til universell utforming. Dette gjeld alle sider av universell utforming, ikkje berre rørslehemma.

### Sak 14/16 Sommaravslutning

Det har vore tradisjon å avslutte siste møtet før sommaren med ein felles lunsj/middag.

#### Vedtak

Arbeidsutvalet ber administrasjonen om å reservere eit bord på Jacob Aalls (Xhibition) kl 13:00, 31.05.2016.

### Sak 15/16 Landskonferanse 2016

Det er ingen fylkeskommune som har teke på seg ansvaret for Landskonferansen 2016 og det vart etterlyst ein fylkeskommune som kan ta det på seg. Blant anna meldte Rogaland at dei vurderte å arrangere det i 2017.

#### Vedtak

Landskonferanse 2017 vert lagt fram som politisk sak i neste rådsmøte. Arbeidsutvalet meiner at det er for seint å byrje planlegging av landskonferanse no. Arbeidsutvalet vil kontakte Rogaland for å høyre om det kan vere aktuelt å samarbeide om å arrangere landskonferansen saman i 2017.

### Sak 16/16 Høyrsllehemming og universell utforming av bygg, 11.06.2016

HLF-Hordaland arrangerer eit kurs på Hotell Terminus i Bergen 11. juni om høyrsllehemming og universell utforming av bygg.

#### Vedtak

Høyrsllehemming og universell utforming av bygg, 11.06.2016, vert lagt fram som politisk sak på neste rådsmøte. Arbeidsutvalet meiner kurset gir ein kompetanse som ein bør ha i rådet og opnar for at rådsmedlem kan melde sin interesse for å delta.

#### **Sak 17/16      Invitasjon til å søkje om midlar til utvida TT-ordning**

Samferdselsdepartementet sendte 28.04.2016 ein invitasjon til å søkje om midlar til utvida TT-ordning til fylkeskommunane med frist 01.06.2016. Utvidinga gjeld for rullestolbrukarar og blinde/svaksynte. FFO sendte informasjon om invitasjonen til rådet.

#### **Vedtak**

Arbeidsutvalet vedtek å be om ein orientering frå samferdselsavdelinga om TT-ordninga generelt, men og med eit fokus på invitasjonen på rådsmøtet 31.05.2016.

#### **Sak 18/16      Informantar til undersøking om universell utforming av bybanen og stamliner i Bergen**

Samferdselsavdelinga kontakta rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 03.05.2016 for å informere om ei undersøking om universell utforming av heile reisekjeda med bybanen og stamliner. Det er Hordaland fylkeskommune og Transportøkonomisk institutt som skal gjennomføre undersøkinga. I samband med det treng dei informantar til undersøkingar i juni. Dei har fått to kandidatar frå eldrerådet og treng 3-4 personar til.

#### **Vedtak**

Arbeidsutvalet føreslår Harald Norheim, Inge Fiskvik og Nina Murberg frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland, samt at det kommunale rådet i Bergen kan verte bedt om å sende ein. Eit forslag er Egil Hope.

#### **Sak 18/16      Innspelsmøte om Handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering**

Prosjektet «Handlingsplan for likeverd, likestilling og inkludering» er sett i gang på bakgrunn av vedtak i Fylkestinget 09.12.2014. Det skal utarbeidast ein generell plan for likeverd, likestilling og inkludering. Planen skal vera eit verktøy for fylkeskommunen til å setja i verk tiltak for å bidra til auka inkludering på alle område. HFK sitt samfunnsoppdrag vert utøvd på fleire ulike felt, som arbeidsgjevar for ca.4000 tilsette, som skuleeigar og som tenesteytar for innbyggjarane. Handlingsplanen skal opp til handsaming i fylkestinget i oktobermøtet. RMNF er invitert med ein representant.

#### **Vedtak**

Arbeidsutvalet vedtek at Kjell Gitton Håland representerer RMNF på innspelsmøtet.

#### **Sak 19/16      Rådsmøtet 31.05.2016**

#### **Vedtak**

Orienteringar:

- Hjelpemiddelsentralen om tilbod til blinde
- Samferdselsavdelinga om TT-ordninga

Referatsaker:

- Uttale til endring i kommunelova
- Uttale til NTP

Politiske saker:

- Endring av fast møtedag
- Eventuell uttale til godsterminal plassert i Hordnesskogen
- Høyrsllehemming og universell utforming av bygg – deltaking
- Landskonferanse 2017 – Hordaland som arrangør